

Arbeidsprogram 2020-2021

For Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Studentparlamentet skal sikre at studentane si stemme vert høyrd, setje lokale og nasjonale studentsaker på dagsorden, og arbeide for større studentmedverknad og engasjement for studentdemokratiet i Volda.

Bygge organisasjon og samarbeid

1. Sørge for at studentane ved HVO har kjennskap til Studentparlamentet og vårt arbeid
2. Informere studentmassen meir om dei konkrete sakene som Studentparlamentet jobbar med. Gjere det kjent når Studentparlamentet har oppnådd eit mål
3. Aktivt arbeide for høgare deltaking i vala som vert gjennomført i Studentparlamentet og ved HVO. Annonser val i god tid i kanalar studentar faktisk fylgjer med på
4. Ha eit aktivt samarbeid med NSO, SAIH og Studentrådet i UH-nett Vest
5. Ha jamn kontakt og samarbeid med studentrepresentantane i Høgskulestyret og SiVolda-styret
6. Vidareutvikle arbeidet med Velferdsgruppa
7. Utarbeide ny samarbeidsavtale med Høgskulen i Volda
8. Gjere informasjonen på hivolda.no om Studentparlamentet lettare tilgjengeleg

Studentvelferd

1. Ha ekstra fokus på tiltak for å betre trivsel, psykisk helse og eit inkluderande studentmiljø
2. Prioritere Velferdsgruppa og bidra til å gjere den til ein fast del av HVO
3. Jobbe for eit betre velferdstilbod for studentar i alle aldrar, og sørge for at helsetilbod blir synleggjort og fungerer tilstrekkeleg
4. Legge forholda til rette for høg aktivitet i alle studentorganisasjonane og -festivalane tilknytt HVO, og jobbe for eigna lokale sentralt på campus for studentorganisasjonane
5. Fornye retningslinjene til Studentprisen og dele den ut ved studiestart
6. Arbeide for å skape fleire sosiale møteplassar for studentar på campus

Utdanningskvalitet

1. Gjennomgå systemet for tillitsvalde og vurdere endringar/justeringar
2. Bidra til høg deltaking i studentundersøkingar som Studiebarometeret og SHoT-undersøkingen
3. Vere pådrivar for betre kvalitet i digitale undervisningsformer
4. Arbeide for mest mogleg opne og tilgjengelege rom på campus

5. Arbeide for at HVO utarbeider ein mal for utdanningsamtaler for alle studentar
6. Jobbe for betre oppfølging av studentar gjennom praksisperioder, med gode rammer for fagleg utvikling og evaluering.
7. Arbeide for at gratisprinsippet vert praktisert slik at studentar i minst mogleg grad skal betale eigenandel på studieturar, for programvare m.m.
8. Jobbe for at informasjon om val og anna viktig info frå Studentparlamentet kan leggjast ut på Canvas

Likestilling, mangfald og inkludering

1. Jobbe for at alle deler av campus er godt tilrettelagt og universelt utforma slik at alle har lik tilgang til høgskuleområdet
2. Jobbe for at mest mogleg av undervisninga er universelt utforma, og at studenttenester og studentvelferd er tilgjengeleg for alle
3. Følge opp arbeidet for handtering og førebygging av mobbing, diskriminering og trakassering. Sei-ifrå-systemet må oppgraderast gjennom å lage ein anonym mal, evt. på Canvas.
4. Dele ut pris for internasjonalisering kvart år
5. Jobbe for betre inkludering av internasjonale studentar, blant anna gjennom kontinuerleg samarbeid med Pangaia og arrangement av Buddyweek
6. Sikre at Fadderveka tek omsyn til internasjonale studentar i programmet

Miljø og berekraft

1. Arbeide for at HVO og SiVolda satsar på miljøtiltak og miljøordningar på heile campus
2. Arbeide for at miljø blir eit prioritert område under læringsmiljø i læringsmiljøutvalet
3. Vere aktive i prosessen for at Høgskulen held fram med å vere sertifisert Miljøfyrtårn
4. Betre Studentparlamentet sin miljøprofil i innkjøp, dagleg drift, aktivitetar og reiser der det let seg gjere
5. Arbeide for at berekraftsmåla til FN er i fokus ved Høgskulen i Volda